

Rovviltnemnda region 2
v/ Anne-Nora Oma Dahle

Dato: 13.10.25

Innspel til rovviltnemnda region 2 om utviding av kvotefritt område

Det er eit uttalt mål om å ha ein stabil gaupebestand mest mogleg nær bestandsmålet. Gaupebestanden i region 2 har vore over bestandsmål sidan 2017. Me meiner ein bør jobbe for å få bestanden ned på bestandsmål.

Ein større del av uttaket på gaupe bør skje der det er tap av beitedyr. Her bør det òg vera høve til å ta ut familiegrupper. Me meiner området med kvotefri jakt bør utvidast til å gjelde i kommunane Bykle, Valle, Fyresdal, Kviteseid, Tokke og Vinje òg. I desse områda er det mykje beitedyr og store tap. Det har i dei siste åra stort sett berre blitt registrert ei årleg familiegruppe i desse kommunane. Kvotefri jakt vil såleis ikkje ramme mange familiegrupper, men likevel ha stor innverknad på tap til rovdyr i desse mykje brukte beiteområda. Dette er eit enkelt grep som vil føre til at jakta vert retta mot beiteområde. Sidan gaupebestanden ligg over bestandsmålet burde dette vera ei uproblematisk ordning.

Mbh

Telemark Sau og Geit
v/Jon Aslak Austjore

Telemark Bondelag
v/Trude Flatland

Telemark Bonde- og Småbrukarlag
v/Sveinung Kjellemo

Agder Sau og Geit
v/Kåre Blålid

